

Retningslinje for realkompetansevurdering

Godkjent av høgskuledirektøren 24.04.2019 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015.

1. Virkeområde

Realkompetansevurderinga gjeld for eit bestemt studium og er ikkje ei generell vurdering.

Retningslinjene gjeld for vurdering av søknader på grunnlag av realkompetanse for

- opptak til grunnutdanningar der opptakskravet er generell studiekompetanse og eventuelle særkrav (bachelorgrad, yrkesutdanning, årsstudium eller andre studium)
- opptak til mastergradsutdanningar der opptakskravet er spesifisert med høgare utdanning av eit visst omfang og nivå.

2. Generelle krav for godkjenning av realkompetanse

Ved søknad til grunnutdanning må søkjar vere 25 år eller eldre i opptaksåret og ha minimum eitt år vidaregåande utdanning utover grunnskulen.

Ved søknad til utdanning på *mastergrads-nivå* må søkjar vere 28 år eller eldre i opptaksåret og ha minimum eitt år relevant høgare utdanning på lågare grads nivå.

Søkjar må grunngi kvifor han/ho søker studiet, motivasjonen og eiga oppfatning av kva det vil krevje å gjennomføre studiet.

Søkjar med morsmål frå land utanfor Norden må dokumentere kunnskap i norsk på nivå med kravet som inngår i generell studiekompetanse.

Søkjar må ha minst 5 års fulltids skule- og/eller yrkespraksis. Utdanning, organisasjonsarbeid eller liknande kan erstatte inntil 2 av desse 5 åra. Minst 3 år må vere relevant praksis i høve til den utdanninga det vert søkt opptak til.

Deltidsarbeid vert rekna om til tilsvarande heiltidsarbeid.

Søkjar må dokumentere tilstrekkeleg kunnskap i norsk og engelsk til å kunne gjennomføre studiet, jamfør Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda §3.1 (6).

Søkjar må ha nødvendige faglege føresetnader for å kunne gjennomføre studiet på normert tid. Dette vert m.a. vurdert ut frå korleis tidlegare studium er gjennomført, kursdeltaking, samfunnsarbeid og attestar/referansar frå arbeidsgjevar.

3. Spesielle krav – opptak til grunnutdanningar

3.1. Til utdanningar i sosial- og helsefag: sosionom og barnevernspedagog

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefag frå vidaregåande skule i norsk, engelsk og samfunnsfag.

Relevant praksis kan vere: arbeidspraksis innan helse-, omsorgs-, sosial- og undervisningssektoren eller tilsvarande, der søkjaren har arbeidd med elevar, pasientareller klientar. Relevante yrkesretta fagbrev.

3.2. Til utdanningar i samfunnsfag, administrasjon og planlegging

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefaga frå vidaregåande skule i norsk, engelsk og samfunnsfag.

Relevant praksis kan vere: arbeid frå skule, barnehage, organisasjonsarbeid, administrativ røynsle frå offentleg eller privat sektor eller politisk røynsle.

3.3. Til utdanningar i historie og religion/livssyn

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefag frå vidaregåande skule i norsk og samfunnsfag, og historie for studium i historie.

Relevant praksis kan vere:

Historie: Praksis frå t.d. kultursektoren, museum, arkiv eller liknande.

Religion og livssyn: Organisasjonsarbeid frå t.d. ungdomsarbeid og kyrkjelydsarbeid.

3.4. Til utdanningar i språk og litteratur

Søkjar må dokumentere generell studiekompetanse i det aktuelle språkfaget.

Relevant praksis kan vere: assistent i skule, bibliotek m.m., arbeid i utlandet

3.5. Til utdanningar i estetiske fag: Musikk – kunst og handverk – drama/teater

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefag frå vidaregåande skule i norsk.

Relevant praksis kan vere:

Musikk: Røynsle i utøving av musikk, til dømes ulike former for musikkopplæring i skuleverket, kulturskulen eller frivillig musikkliv (kor, korps, orkester, privat undervisning). Søkjar kan bli kalla inn til intervju og/eller prøvespeling.

Kunst og handverk: Ulike handverksutdanningar, assistentarbeid i skule/barnehage, annan praksis frå kunst og/eller handverk.

Drama/teater: Assistentarbeid i skule/barnehage, deltaking i amatørteater, praksis frå kulturskule, frivillig arbeid for barn og unge. Søkjar kan bli kalla inn til intervju og prøvespel.

3.6. Til utdanningar i idrett og friluftsliv

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefag frå vidaregåande skule i norsk.

Relevant praksis kan vere: Trenarerfaring frå barne- og ungdomsidrett, speidar-/turleiar, friluftsliv/idrett frå t.d. folkehøgskule, kurs.

3.7. Til utdanningar i mediefag som journalistikk / PR, informasjon og media / media, ikt og design / mediekunnskap

Søkjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefaga i norsk, engelsk og samfunnsfag

Relevant praksis kan vere:

Journalistikk: journalistisk praksis

PR, informasjon og media: Praksis frå t.d. informasjonsarbeid, kommunikasjonsarbeid, journalistisk arbeid, medieproduksjon

Media, IKT og design: Praksis frå medierelatert produksjon eller design

3.8 Til utdanning i Animasjon

Søkjjar må dokumentere kunnskap på nivå med kravet som inngår i studiekompetansefaga frå vidaregåande skule i norsk og engelsk.

Innsending av arbeidsprøver, intervju og opptaksprøve på lik line med dei andre søkjarane.

Relevant praksis kan vere: erfaring frå formgiving, animasjon eller film.

Relevant anna utdanning som fagskular, kurs m.m.

3.9 Til lærarutdanningar (barnehagelærer)

Det vert kravd bestått eksamen i studiekompetansefag frå vidaregåande skule i norsk.

Relevant praksis for barnehagelærer kan vere: Yrkesfaglege utdanningsløp, t.d. barne- og ungdomsarbeidarutdanning. Erfaring som omfattar rettleiing, undervisning og omsorg for born, t.d. praksis frå arbeid i barnehage, skule, skulefritidsordningar eller anna pedagogisk verksemd.

4. Spesielle krav – opptak til mastergradar/ studium på mastergrads-nivå

4.1. Mastergrad i Undervisning og læring

Søkjjar må ha ein type lærar-, barnehagelærer/førskulelærer, eller anna pedagogisk grunnutdanning.

Søkjjar må dokumentere fagkrava til kvar enkelt spesialisering.

Andre relevante utdanningar som barnevernspedagog, vernepleiar osv.

Ein må dokumentere minst to år relevant pedagogisk praksis.

4.2. Mastergrad i Samfunnsplanlegging og leiing

Søkjjar må ha minst eitt år relevant høgare utdanning innan relevante fagområde.

Relevant praksis kan vere lang røynsle som leiar/sakshandsamar ev på overordna nivå.

4.3. Mastergrad i helse- og sosialfag – meistring og myndiggjering

Søkjjar må ha minst eitt års relevant høgare utdanning.

Relevant praksis kan vere leiande helse- eller sosialfagleg arbeid eller undervisningspraksis.

4.4 Mastergrad i nynorsk skriftkultur

Søkjjar må ha minst 90 studiepoeng høgare utdanning i relevante fag, t.d. faget norsk der minst 20 stp må vere på fordjupingsnivå.

Relevant praksis kan vere leiarerfaring frå t.d. skuleverket eller kultursektoren.

4.5. Mastergrad i Kulturmøte

Søkjjar må ha minst 90 studiepoeng høgare utdanning i relevante fag der minst 20 stp må vere på fordjupingsnivå med karakterkrav minst C.

Relevant praksis kan vere leiarerfaring innan t.d. fagfelte religion eller historie.

4.6 Master in Media Practices

Søkjjar må ha minst eitt år relevant høgare utdanning.

Relevant praksis kan vere innan dokumentarfilm, journalistisk arbeid, medieproduksjon.

5. Vurdering, rangering og opptak

Høgskulen skal danne seg eit heilskapleg bilete av kvar enkelt søkjar og på individuelt grunnlag vurdere søkjar sin faglege føresetnad til å kunne fullføre utdanninga på det nivået det er søkt opptak til.

Høgskulen kan kalle inn søkjar til intervju og/eller eventuelt opptaksprøve.

Ved rangering av realkompetansesøkjara vert det lagt vekt på:

- Omfang av relevant praksis og utdanning i høve til utdanninga det vert søkt opptak til.
- Studiekompetansefag og karakterar.
- Søkjar sin motivasjon og eiga oppfatning om kva han/ho trur studiet vil krevje.
- Grunngevinga til søkjaren om kvifor han/ho meiner å kunne gjennomføre studiet.
- Omfang av annan praksis.

Høgskulen kan i spesielle høve, etter ei heilskapleg vurdering, gi ein søkjar studieplass sjølv om ikkje alle vilkåra for opptak er oppfylte.

Søkjara som får godkjent realkompetanse for eit studium, men som ikkje får tilbod om studieplass i hovudopptaket, blir sette på venteliste. Eventuelle tilbod til dei på venteliste skal vurderast opp mot dei andre søkjargruppene.

Godkjent realkompetanse i eitt studium tyder ikkje automatisk godkjenning for anna studium.

6. Sakshandsaming, vedtak og klage

Søknad om opptak vert sakshandsama av tilsette som arbeider med opptak.

Vedtak vert gjort i samråd med fagleg ansvarleg eller i opptakskomitè for kvart studium.

Vedtak om tilbod eller avslag på grunnlag av realkompetanse er eit enkeltvedtak som normalt vert kunngjort digitalt/elektronisk.

Søkjar kan be om grunngjeving for/og eller klage på vedtaket etter Forvaltningslova § 29.

Spørsmål om grunngjeving eller klage kan ein rette til Høgskulen i Volda.

Klage kan ein rette til Høgskulen i Volda, og vert handsama av Høgskulen si klagenemnd.